



Fylkesmannen i Vestlandet
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/453 - 19/11824

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
27.05.2019

Reguleringsplan for Meland kyrkjegard, endring - Høyring og offentlig ettersyn

I medhald av plan- og bygningslova § 12- 10 har Utval for drift og utvikling 07.05.2019, som sak 41/2019, gjort vedtak om å leggja planframlegg ut til offentlig ettersyn.

Detaljreguleringa er ei endring av eksisterande plan for Meland kyrkjegard vedteke 05.02.1992. Reguleringa legg opp til ei utviding av eksisterande gravplass mot sør, etablering av ny tilkomstveg og parkeringsplass til øvre nivå av gravplassen samt omlegging av Bjørnestadvegen utanom kyrkjetur.

Planframlegget omfattar følgjande dokument:

1. Plankart, datert 18.03.2019
2. Reguleringsføresegner, datert 12.04.2019
3. Planskildring, datert 12.04.2019
4. Illustrasjonsplan, datert 18.03.2019
5. VA rammeplan, datert 12.04.2019
6. Kart og planprofil, datert 15.10.2018
7. Kart omlegging av veg, datert 09.10.2018
8. Arkeologisk rapport, datert 14.01.2019
9. Elvemusling, datert 12.06.2017
10. ROS- analyse, datert 12.04.2019

Planframlegget vert no lagt ut til høyring og offentlig ettersyn, kunngjort i avisa strilen og på kommunen si heimeside. Grunneigarar, lag, organisasjonar og offentlege instansar vert direkte tilskrive.

Plandokument og vedtak ligg på www.meland.kommune.no under «høyringar og offentlig ettersyn». Du kan nytte snarveg i blått felt nedst på framsida, og til gjennomsyn i resepsjonen på Rådhuset.

Perioden for offentlig ettersyn er sett frå 28.05.19 – 09.07.19

Merknader til planforslaget må vera framsett skriftleg innan merknadsfristen. For å kome med merknad kan ein enten nytte kommunen sitt elektroniske høyringsskjema som ligg under høyringar og offentleg ettersyn på heimesida, sende e-post til: postmottak@meland.kommune.no eller sende brev til Meland kommune, Postboks 79, 5906 Frekhaug. Merknaden stilast til planavdelinga.

Merknadsfrist er sett til 09.07.19

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
Rådgiver planforvaltning

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Bergen og Omland Havnevesen	P.b. 6040	5892	BERGEN
BKK AS	P.b. 7050	5020	BERGEN
Fellesråd Eldreråd/RMF	HER		
Fylkesmannen i Vestlandet	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Hordaland fylkeskommune	P.B. 7900	5020	BERGEN
Hordaland fylkeskommune, Kultur- og Idrettsavdelinga	P.B. 7900	5020	BERGEN
Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga	P.b. 7900	5020	BERGEN
Idrettsrådet			
Kommunelege	HER		
Kystverket	P.b. 1502	6025	ÅLESUND
Lindås og Meland brannvern	Kvernhusmyrane 20	5914	Isdaltø
Meland bondelag			
Meland bondelag v/ Kåre Skjellanger	Skjelangervegen 983/Paradisvegen 11	5917	ROSSLAND
Meland sogelag	v/ Arnt Brakstad, Grønlandsvegen 19	5918	FREKHAUG
Meland Ungdomsråd	HER		
NGIR	Lindåsvegen 1260	5956	HUNDVIN
Nordhordland Jakt og Fiskelag	P.b. 156	5903	ISDALSTØ
Nordhordland Turlag	P.b. 32	5903	ISDALSTØ
Norges vassdrags- og energidirektorat NVE	P.b. 5091	0301	OSLO
	Majorstua		

Mottakere:

Norsk bonde- og småbrukerlag
Norsk bonde- og småbrukerlag
Hordaland v/ Jarle Helland
Statens Vegvesen Region Vest

Akers gata 42 158
Hellandsneset 91b 5936
Askedalen 4 6863

OSLO
MANGER
LEIKANGER